

Førde, 23.06.2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om auka slukevne for Horpedal kraftverk i Sogndal

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 20.06.2014 med vedlagd søknad.

Generelle kommentarar til søknaden om auka slukevne:

Frå vår side ser vi ingen problem med at slukevna i Horpedal kraftverk vert auka frå 1,44 m³/s til 1,87 m³/s. Slukevna vil framleis vere låg samanlikna med det som er vanleg for småkraftverk i dag, og i dette konkrete tilfellet ser vi det som positivt at vassressursane vert utnytta på ein betre måte gjennom at ein, utan nye fysiske inngrep, aukar produksjonen.

Slepping av minstevassføring:

Dei eksisterande vilkåra for slepping av minstevassføring - Alminneleg lågvassføring 116 l/s berre om sommaren i perioden 1. mai – 30. september - er ikkje i samsvar med det som i dag er vanleg for småkraftverk. I så store elvar som det her er snakk om, vert det i dag alltid kravd slepping av heilårleg minstevassføring. **I samband med vurderinga av søknaden om auka slukevne, ber vi om at vilkåra for Horpedal kraftverk vert "moderniserte" til å omfatte heilårleg minstevassføring.**

Det beste vil vere å sleppe Alminneleg lågvassføring heile vinteren også, ikkje berre om sommaren. Dette er svært enkelt å få til reint teknisk. Eventuelt kan det om vinteren sleppast 5-persentil vinter. (Men skilnaden er vel minimal, reknar vi med.) Dette ber vi NVE vurdere.

Ettersom slukevna i kraftstasjonen er så pass låg, ser vi i dette konkrete tilfellet ikkje god nok grunn til å krevje auka minstevassføring om sommaren. Det blir overløp store delar av sommaren uansett.

Når det gjeld grunngjevingane for ønsket om heilårleg minstevassføring, så er desse så velkjende for NVE, at vi skal ikkje gjenta dei her.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

